



Kan vi få fleire opphøgde gangfelt?

Mange meiner at Uskedalen bør få fleire fartsdempande tiltak gjennom sentrum og onsdag kveld blir saka teke opp i møtet som Uskedal utvikling held i Gamleskulen. Temaet er trafiikksikringstiltak og det kjem sikkert forslag om fleire slike. Vi har svært få samanlikna med andre tettstader, til dømes Rosendal. I vårt sentrum er det såleis berre eit opphøgd gangfelt og fleire vert etterlyst, til dømes mellom Brekktoppen og buss-stoppen og mellom Grano og brua.

I Korsnes aukar behovet for undergang etter kvart som bustadbyggjinga skyt fart ovanfor fylkesvegen og her har det også vore på tale med forlenging av gangvegen oppover til Syne,

Og apropos gang- og sykkelveg: Vi har no venta lenge nok på ein forlenging av den frå brua og utover til Steinsletto, men i Herøysund har dei venta enda lenger på gang- og sykkelveg og det er vel naturleg å sjå dei 2 prosjekta under eitt?

Ljos er også eit aktuelt tema både her og der og hos oss har det i årevis vore påpeika at det er mørkt frå Leite og oppover til barnehagen. Det er ikkje så mange nye lamper som skal til.

Farten er også alltid eit aktuelt tema, og den kjem sikkert fram også på dette møtet i form av forslag om ein viss reduksjon. Det er grunn til å vera spent på kva Ivar Kåre Døssland frå kommunen og Geir S. Andreassen frå Statens vegvesen har i ermet denne kvelden.

Dei vert også utfordra til å meine noko om bringing og henting av elevane i bussloma.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen